

# Skuldingar om mangelfull og misvisande info

■ ■ Rådmannen tilbakeviser ■ ■ Tilbygg skapar vondt blod

**SOGNDAL: Planar om tilbygg på eit bustadhus ved Eidsfjorden har skapt vondt blod i ei sameige. Og når saka kjem i forvaltningsutvalet i morgon blir rådmann Jostein Aanestad skulda for å gje misvisande og mangelfull informasjon i si saksframstilling.**

Det er i eit brev til forvaltningsutvalet sine medlemmer, datert 26. mai, at Dagmar Ølnes Lotsberg set fram skuldingane mot rådmann Jostein Aanestad.

Aanestad tilbakeviser at han eller sakshandsamar skal ha gjort seg skuldige i å gje misvisande og mangelfull informasjon.

## Eigen nabo?

Dei involverte partane i denne byggesaka er Johannes Idsø/Aud Joruna Ølnes og Dagmar Ølnes Lotsberg/Gunnar Lotsberg. Førstnemnde par har søkt kommunen om å byggja eit tilbygg til eit bustadhus i Vedlegjerdet ved Eidsfjorden. Problemet er at huset ligg i ei sameige der Dagmar Ølnes Lotsberg eig halvparten.

I saksutgreiinga heiter det at Johannes Idsø er nabo til Lotsberg. Det er feil, blir det påpeika i brevet. «Eg er heimselshavar til det omsøkte bygget og kan ikkje vera min eigen nabo», skriv Lotsberg. Ho hevdar også at eit brev datert 7/4 ikkje ligg ved saka og reagerer på at rådmannen

har basert seg på at ho vil tapa ei rettssak om eigedomsretten som kjem opp neste år.

«Det er utidig at rådmannen på denne måten blandar seg inn i det han sjølv kallar private rettstilhøve», heiter det.

## Inga fullmakt

Ølnes Lotsberg hevdar i brevet at rådmannen sjølvsagt er klar over at ho ikkje har gjeve Idsø fullmakt til å byggje den nye hagestova på eigedomen sin.

«Det er også feil når han fleire gonger i saksframstillinga omtalar byggesaka som «utviding av hagestova». Sakshandsamar og tenesteleiar kjenner godt til at det ikkje finst hage på eigedomen vår i dag, og at søknaden gjeld fasadeendring på kårhuset og eit nytt tilbygg. Dette går også greitt fram av planen som er lagd ved saka. I saksutgreiinga har elles rådmannen «gløymt» å nemna at det planlagde bygget ligg innafør 100 metersbeltet frå Eidsfjorden og krev dispensasjon frå Pbl. §1-8.»

Ho oppmodar i brevet forvaltningsutvalet om å stilla spørsmål ved kvifor rådmannen gjev så misvisande og mangelfull informasjon i saksframstillinga si.

## Har all info

Rådmann Jostein Aanestad tilbakeviser at han har gitt misvisande informasjon.

– Dette er så langt ei heilt ordinær byggesak som blir handsama etter plan- og bygningslova. Alle relevante dokument ligg ved, også det brevet som er datert 7. april,



**TILBAKEVISER:** Rådmann Jostein Aanesta tilbakeviser skuldingane om at han skal ha gitt misvisande og mangelfull informasjon i ei byggesak.

seier Aanestad som sjølv ikkje har motteke brevet datert 26. mai når Sogn Avis snakkar med han.

– Me legg sjølvsagt til grunn at søkjar har tilgang til den grunnen han søkjer om å føra opp tilbygget på, seier Aanestad og gjer det klart at medlemmane i planutvalet har all relevant informasjon når saka kjem på deira bord i dag.

Jan Inge Fardal  
jan.inge.fardal@sognavis.no



**STRIDENS KJERNE:** Her er tilbygget som skapar problem.